



Professor Reidar Myklebust viser kva storhjerneren heiter på gresk og latin. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Professor i anatomi Reidar Myklebust frå Uskedalen er ein flink pedagog.

Hjernen vår er noko som vi alle er interessert i å læra meir om.

Dette var nok hovudgrunnane til at 150 møtte i Kulturhuset i føremiddag då Kvinnherad Senioruniversitet inviterte til møte nummer 3 og dermed sette ein klar deltakar-rekord sidan starten i fjor. 30 av dei kom frå den vidaregåande skulen.

Det vart ein skikkeleg, dobbel skuletime med hjernetrim om hjernen, som er vår alles personlege cumputar og styrer alt vi gjer.

-Hjernetrim forseinkar demens, understreka professoren mellom anna. I denne samanhengen slo han fast at det er meir fornuftig å løysa krossord enn å sjå på sport i TV.

Ellers slo han mellom anna fast at hudsansen kanskje er vår viktigaste sans. Den registrerer mellom anna om noko er gale og då merkar vi det gjennom smerte. Personar som er født utan hudsans dør ofte tidleg fordi dei ikkje kjenner smerte.

Eit ofte diskutert tema er den eventuelle skilnaden på hjernen til menn og kvinner. På dette punktet var Myklebust lite kategorisk. Han slo fast at det anatomisk er små skilnader. Ein konstatert skilnad kan bety at dei to hjernehalvdelane jobbar betre saman hos menn.

Men professoren gjekk ikkje lenger enn å formulera seg slik:

-Dei fleste meiner at det finst ein mannleg og ein kvinneleg hjerne. At vi tenkjer annleis, har forskjellige interessar....

Ein spørsmålsrunde til slutt la for dagen at det hadde vore eit populært tema. Det er grunn til å tru at det også kjem mange på neste møte, som blir på Dalheim i Omvikdalen. Då kjem ein annan professor som skal ta for seg eit heilt anna tema – Frank Aarebrot om media og makt.

Senioruniversitetet er så langt ein suksess, men som leiinga presiserte i dag: Gløym både senior og universitet – møta er opne for alle!

Av Ola Matti Mathisen